



Utmark Arkitektur As
Bellgården 1
5003 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2056 - 22/71601

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
18.09.2022

Svar på førespurnad om utsatt frist for innsending av tilleggsdokumentasjon m.m. - gbnr - gbnr 212/149 Eikanger øvre

Vi viser til dykkar førespurnad datert 30.08.2022 som gjeld utsett frist for innsending av tilleggsdokumentasjon og behov for nabovarsling av grunnarbeidet som må inngå i søknaden.

Det går fram av plan- og bygningslova at nabovarsel kan unnlatast på gitte vilkår. Dersom høgdeplasseringa er tilstrekkeleg vist i opprinnleg varsla søknad vurderer vi at det kan vera grunnlag for å unnta revidert søknad, der grunnarbeid inngår, frå ytterlegare varsel. Søkjar må grunngje kvifor nytt varsel ikkje er nødvendig. Vi gjer merksam på at dersom revidert søknad medfører at det skal etablerast tiltak i strid med avstandsbestemmelsane i plan- og bygningslova § 29-4 vil det kunne vera nødvendig å innhenta samtykke frå eigar av naboeigedomen.

Vi gjer elles merksam på at det etter nyleg godkjend reguleringsendring ikkje lenger vil vera behov for dispensasjon frå krav til rekkefølge til utbyggingstakt, jf. tidlegare føresegn 1.4.4 og 1.4.7.

Frist for innsending av tilleggsdokumentasjon vert sett til **15.11.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Utmark Arkitektur As

Bellgården 1

5003 BERGEN